



Sivilingeniør Bjarte Fyllingen AS  
Spelhaugen 8  
5147 FYLLINGSDALEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/1 - 20/5259

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
ingrid.bjorge.pedersen@alver.kommune.no

Dato:  
03.02.2020

## Ferdigattest for tilbygg til næringsbygg - gbnr 209/35 Høyland

### Administrativt vedtak. Saknr: 120/20

**Tiltakshavar:** Vestnorsk Brunnboring AS  
**Ansvarleg sækjar:** Sivilingeniør Bjarte Fyllingen AS  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg til næringsbygg på gbnr 209/35.**

**Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Ansvarleg sækjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 21.11.2018 og løyve til endring datert 28.01.2020. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 17.10.2019.

### Skildring

|                 |                         |
|-----------------|-------------------------|
| Adresse:        | Høylandsvegen 333       |
| Bygningstiltak: | Tilbygg til næringsbygg |
| Bygningsnummer: |                         |
| Bruksareal:     | 100 m <sup>2</sup>      |

|         |           |
|---------|-----------|
| Avlaup: | offentleg |
| Vatn:   | offentleg |

### Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/1

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Sivilingeniør Bjarte Fyllingen AS    Spelhaugen 8    5147  
Vestnorsk Brunnboring AS    Høylandsvegen    5913  
333

FYLLINGSDALEN  
EIKANGERVÅG